

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato: 08.12.2016

Vår ref.: 201401005-4

Arkiv: 323

Dykkar dato: 10.11.2016

Dykkar ref.: 14/599 - 16/20924 - Kjersti Møllerup Subba

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Holme forretningsområde - GBnr 10/85 mfl - Meland kommune

Syner til brev datert 02.11.2016. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Holme forretningsområde. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for etablering av daglegvarebutikk og kontor i eksisterande næringsbygg

Området er vurdert som sårbart for overvatn/flaumfare, jf. ROS analyse og planskildring. Flaumfaren er knytt til sidebekk til Holmeelva frå aust som går i røyr gjennom planområdet. Ved store nedbørmengder og eventuelt tilstopping av bekkeinntak kan dette medføre opphoping av vatn i planområdet, mellom anna i lågpunkt. I planskildringa vert det teke til orde for gjennomføre tiltak for å sikre eksisterande og framtidige bygg mot flaumfare. Føreslegne avbøtande tiltak er auka dimensjonering av røyr og kulvertar, etablering av dreneringsløyser for lågpunkt, og jamleg vedlikehald og reinsk av inntaksrister med meir.

Den identifiserte flaumfaren er etter vårt syn dårleg følgd opp i planen. Areal som ikkje tilfredsstiller Byggteknisk forskrift (TEK10) sine akseptkriterium for flaumfare (jf. §7-2) er å sjå på som fareområde. Fareområde skal, i følgje mellom anna KMD sin reguleringsplanretteleiar, alltid syne i plankartet som omsynssone på reguleringsplannivå. Slik omsynssone er ikkje teke inn i plankartet. NVE rår sterkt til at flaumutsett areal vert markert i plankartet med omsynssone Fareområde flaumfare.

For å sikre flaumsikker utbygging må dei avbøtande tiltaka gjennomførast før ytterlegare utbygging innanfor dei flaumutsette områda. Vi meiner det då er naudsynt med ei tydeleg rekkefølgeføresegn som set krav om gjennomføring av desse tiltaka, og dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik mot flaum (jf. TEK10 §7-2).

I staden for å legge nye og større røyr/kulvertar under utbyggingsområdet oppmodar vi om at Meland kommune vurderer å legge sidebekken open i størst mogeleg grad. Opne løysingar reduserer risikoen for tilstopping.

Holmeelva renn gjennom eit myrområde vest for planområdet, og vidare i røyr/kulvert gjennom Fv 564. Slik vi tolkar kartet vil for liten kapasitet i røyr/kulverten gjennom fylkesvegen føre til vasstandsstiging i myrområdet. I verste fall må vatnet renne over fylkesvegen. Det er vanskeleg for oss å vurdere om planområdet ligg lågare enn den terskelen som vegen då vil utgjere. Dersom dette scenarioet

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



ikkje er vurdert oppmodar vi Meland kommune om å gjere ei slik vurdering. Ligg planområdet lågare enn vegen bør det gjennomførast ei kapasitetsvurdering av kulverten. I denne kapasitetsvurderinga bør 200 års flaum med 20% klimapåslag leggst til grunn, og ein må og vurdere faren for tilstopping.

Sør for fylkesvegen, sørvest i planområdet er det sett av eit område o_BKT1 (Andre kommunaltekniske anlegg) som betyr ei forlenging av røyret/kulverten gjennom fylkesvegen. Vi oppmodar om at det vert valt løysingar som ikkje inneber ytterlegare lukking av bekken.

Vi ber om at vi blir haldne orientert om korleis Meland kommune følgjer opp våre merknader.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland